

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 09.02.2021

Sak nr.: 19/341-4

Internt l.nr. 3658/21

Sak: 2/21

Tittel: Saksprotokoll - Områdeplan Stedjevegen sør 16/2029

Handsaming:

Endringsframlegg:

Rita Navarsete (Frp) la fram forslag om at føresegn o-T2 punkt 2, første setning vert endra til:
«Innanfor g/bnr. 64/119 kan det mellom anna etablerast omsorgsbustadar»

Avrøysting:

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 9 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet gjer slik tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12. områdereguleringsplan for Stedjevegen sør, sist revidert 13.09.2017.

Punkt 2 i o-T2 i føresegnene vert endra til:

Innanfor g/bnr. 64/119 kan det mellom anna etablerast omsorgsbustadar.

Største tillate gesimshøgde er 14 moh. Største tillate mønehøgde er 16 moh. Takoppbygg som trapperom, heisoverbygg, mindre tekniske rom etc. kan godkjennast høgare dersom dette vert løyst og dokumentert på ein estetisk god måte.